

Naturvernforbundet Nordhordland
Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

4. august 2022

Alver kommune v/planforvaltning
Postboks 4
5906 Frekhaug

Merknader til detaljregulering for Snekkevika

Planområdet er på om lag 152 daa og omfattar eit område nordaust på Radøy. Forslagnsstillar ynskjer å legge til rette for etablering av eit hytteområde med tilhøyrande uteareal, infrastruktur, naust og småbåthamn, samt at eit friluftsområde vert sikra. Planforslaget opnar for etablering av totalt 22 nye fritidsbustader.

Området er regulert gjennom en eldre reguleringsplan frå 1985. I gjeldande reguleringsplan er det lagt til rette for etablering av totalt 6 fritidsbustader. Det er også sett av areal til naust/småbåthamn i tre område. Badeplassen er regulert som friområde, i tillegg til at det er lagt inn tilkomstveg til badeplassen via Dyråsen, og parkeringsplass ved fylkesvegen. Elles er areala regulert med føremålet jordbruk – skogbruk. Tilkomsten til Snekkevika er i gjeldande plan lagt over Kjeset.

Naturvernforbundet Nordhordland meiner framlegg til ny reguleringsplan vil vera øydeleggjande for friluftsområdet i Snekkevika, som i dag ligg fint skjerma utan store synlege inngrep i nærleiken. Badeplassen er populær og mykje nytta av folk på Radøy. 22 nye fritidsbustader inkl. naust og småbåthamn vil omkransa friluftsområdet og badevika, privatisera nærområdet og redusera naturopplevinga monaleg.

Auka båttrafikk frå småbåthamna ut gjennom det smale sundet forbi friluftsområdet vil føra til eit mykje høgare støynivå og redusera tryggleiken for dei som badar i vika.

Naturvernforbundet vil difor be om at reguleringsplanen frå 1985 vert vidareført med ei øvre grense på totalt 6 fritidsbustader.

Jan Nordø
leiar
Naturvernforbundet Nordhordland